

# Forfriskande korsong-vri



Bøneskoret kom som eit friskt pust til Hareid og leverte korsong med litt ny vri. Jens Holstad hadde 67 disiplinerte songarar i si hule hand. Boren, tenor Arild Holstad, var solist på fleire av nummera koret framførte i Hareid kyrkje.

Konserten med Bøneskoret i Hareid kyrkje laurdag kveld, vart eit møte med eit mektig kor. Og med ein litt ny vri på tradisjonell korsong.

ANNE GRY EILERTSEN  
anne.gry@vikebladet.no

350 publikummarar hadde løyst billett for å høyre Bøneskoret med dirigent Jens Holstad. Størst spenning knytte det seg nok til å høyre framføringa av Johan H. Grimstad-kantaten, "Laudate Dominum". Ho kom midtvegs i konserten.

67 av dei i alt 75 kormedlemene hadde tatt turen til Hareid, og det er ikkje ofte eit så stort kor har sunge i Hareid kyrkje.

Til pianospel av Ståle Helvig kom koret vandrane inn i kyrkja på "Eg veit i himmerik ei borg", så stilte dei seg opp og framførte songen med tekst av Bernt Støylen og arrangement av hareidingen Helge Riise. Dette er ein song som mange hareidskor har hatt på repertoaret opp gjennom åra. Men med Bøneskoret vart framføringa litt annleis. Med om lag 70 songarar i koret kan dirigent Jens Holstad boltre seg med eit kraftverk. Det same skjedde også på "Langt bortom Himmel blånar". Framføringa til Bøneskoret var meir kraftfull enn vi er vane med i "korsongbygda" Hareid.

Tenoren Arild Holstad var solist på både "Panis Angelicus", "Fader Vår", "Enstonig ringer den lilla klokkan" og "Den Helliga Stad". Og tenoren var i stormform. Det var ein fryd å høyre tolkingane hans. Særleg på "Den Helliga Stad" (Jerusalem), der kraftverket Bøneskoret slo til for fullt, vart det eit mektig samspel.

## Mektig kantate

Men midt i programmet steig

kormedlem Karin Frølich fram til mikrofonen og introduserte Johan H. Grimstad si kantate "Laudate Dominum". Ho tok publikum med tilbake til år 1275, då prins Philip av Spania sende ein delegasjon til Noreg for å spørje Håkon Håkonsson om han ville gje bort dottera si, prinsesse Kristin, til den spanske prinsen. Både far og dotter svara ja, og prinsesse Kristina, som ho vart heitande i Spania, la ut på den lange reisa.

I kantata skildrar Johan H. Grimstad både reisa hennar til Spania, "Laudate Domino" (Lova Herren) og heimlegten ho må ha følt på "Ora pronombis" (be for oss st. Maria). Kantata har vers som går opp att fleire gonger, og teksta er ei blanding av latin og nynorsk. Og i lydiletet er der periodar med middelaldersveip over seg.

Versa som går att er fengjande, og kantata er mektig. Bøneskoret kjem verkeleg til sin rett med eit slikt verk, og solisten frå egne rekkjer: Elisabeth Takvam, var som skreddarsydd for oppgåva.

## Inspirerende dirigent

Bøneskoret kom altså til Hareid med ein litt annan tradisjon enn vi er vane med å høyre her heime. Dirigent Jens Holstad har lang fartstid som popband-musikar, og i nokre glimt skein denne bakgrunnen hans igjennom. Det har noko med rytmen og krafta å gjere. At han i tillegg av og til blei så ivrig at han tok store byks framover kyrkjegolvet, er heller ikkje slikt som vi er vane med lenger.

Men det må sterkt understreke: Jens Holstad er ein dirigent som tydeleg inspirerer koret sitt. Han hadde dei 67 songarane i si hule hand. Ein disiplinert gjeng som følgde dirigenten til punkt og prikke. At Holstad kunne alle tekstane, og tydeleg viste det, var også med på å skape kontakt



Elisabeth Takvam var solist under framføringa av Johan H. Grimstad si kantate "Laudate Dominum. Ho var som skreddarsydd for oppgåva.

mellom kor og dirigent.

Eit av nummera, "Locus Iste" med tekst og musikk av Anton Bruckner, blir rekna for å vere eit vanskeleg verk å framføre. Men koret meistra oppgåva. Tenorane kom presis inn.

I Hareid kyrkje stilte Bøneskoret med ca. 50 kvinner og 20 menn. I utgangspunktet er dette vel mange kvinner i høve til mannsrøyster. Men koret har svært gode damestemmer. Klangen i koret er likevel god, sjølv om der kanskje mangla litt tyngd i botnen. Forklaringa er kanskje at nokre av mannsstemmene ikkje kunne vere med til Hareid.

## Innfridde

Etter konserten kom stemnegeneral Arild Grimstad fram for å takke. Han er sjølv både korsongar og solist, og han takka Bøneskoret varmt.

– Vi har sett fram til denne konserten lenge. Spesielt til kantata. Forventningane har vore store, og dei har blitt innfridde. Vi har fått valuta både for pengane og forventningane, sa Grimstad, som meinte Bøneskoret hadde gjort ære på Hareids store multikunstnar, Johan H. Grimstad.

## Tre om Laudate Dominum



Åse Margrethe Garshol Haram, medlem i Bigset blandakor:

– Kantata er mektig, med ein flott kombinasjon mellom latin og nynorsk. I den nynorske teksten merka eg meg tydeleg ånda til Johan H. Grimstad.

– Eg er imponert over at mannsrekkja i Bøneskoret høyrdest så godt, sjølv om dei var få i forhold til kvinnene. Og solist Elisabeth Takvam var svært god.

– Kunne du tenkt deg å synge "Laudate Dominum"?

– Ja, så absolutt. Kantata høyrer heime på stjernefesten til Hareidsstemna, og ho hadde passa for Bigset blandakor.



Oddbjørn Grimstad, dirigent for Vox Virorum:

– Ei flott kantate, med fin oppbygging. Johan H. Grimstad startar med "Laudate Dominum", "Lova Herren" og går over til "Ora Pronobis", "Be for oss St. Maria". Han set dermed kantata inn i ein katolsk mellomaldertradisjon. Der er vers som går att fleire gonger, og ein sopransolist og ei mannsrøyst som er forteljarar. Versa som går opp att er fengjande. Den største utfordringa ligg i å halde intensiteten oppe i midtpartiet, men det kan ha med komposisjonen å gjere.

– "Laudate Dominum" er ein umiskjenneleg Johan H. Grimstad-komposisjon. Han siterer seg sjølv. Som songar kjenner eg att fleire av passasjane hans.



Alice Arnesen, songar i Bigset blandakor:

– Eg kunne godt tenkt meg å få synge "Laudate Domino". Det har blitt ei flott kantate. Og Bøneskoret med dirigent Jens Holstad synest eg framførte ho heilt topp. Dei var så presise. Koret hadde god klang og ei fantastisk utstråling.

Jens Holstad starta Bigset blandakor i 1981, og eg har vore med frå starten. Han var ein god dirigent allereie då, men eg må likevel få lov til å seie at han har verkeleg vakse som dirigent.

## Program

"Eg veit i Himmerik ei borg". Solist: Bård Arne Roth. Tekst: O.B. Støylen. Arr.: Helge Riise.

"Bara for det". Musikk: Johan H. Grimstad. Tekst: Anna Lisa Jørstad. "Panis Angelicus". Solist: Arild Holstad. Tekst/musikk: Cesar Frank. Arr.: Josef Jonsson.

"Autum Leaves". Musikk: Joseph Kosma. Tekst: Johnny Mercer.

"Høstvisen". Solistar: Anne Sofie Sunde/Roald Seljelid. Musikk: Erna Tauro. Tekst: Tove Janson.

"Fader Vår". Solist: Arild Holstad. Tekst/Musikk: Nils Larsen.

"Laudate Dominum". Solist: Elisabeth Takvam. Tekst/musikk: Johan H. Grimstad.

"Enstonig ringer den lilla klokkan". Solist: Arild Holstad. Russisk melodi. "Locus Iste". Tekst/musikk: Anton Brückner.

"Langt bortom himmel blånar". Tekst/musikk: Julius Dahlløv. Arr.: Johan H. Grimstad.

"Eg komme te deg Gud". Solist: Elisabeth Takvam. Tekst/musikk: Sigvart Dagsland. Arr.: Helge Riise.

"Den helliga stad". Solist: Arild Holstad. Tekst/musikk: Stephen Adams.